



**LINDÅS KOMMUNE**  
 Teknisk etat  
 Byggesaksavdelinga  
 5914 Isdalstø

Arkiv: 099/032  
 Saksmappe: 03/01026-4  
 Sakshandsamar: Knut Bjørnevoll

Trond Fjellanger  
 Valle  
 5912 SEIM

Saksnr	Sakstype	Vedtaksdato
165/03	Delegert sak handsama av bygningssjefen	10.07.03

## Mellombels løyve til plassering av campingvogner Trond Fjellanger - Gnr.099 Bnr.032 og gnr.103 bnr.008

### Dokument :

Søknad motteken 08.07.03  
 Kart 1:1000  
 Brev frå bygningssjefen, datert 10.06.03

### Saksutgreiing :

Søknaden gjeld plassering av 3 stk campingvogner på eigedom med heilårsbustad. Søkjaren hadde 6 vogner plassert på eigdommen. Etter pålegg frå kommunen om å fjerna alle vognene utanom 2 innan 12.07.03, har han fjerna alle utanom 3 vogner. Fjellanger søkjer om å fa ha desse 3 vognene ståande permanent. Han ber også om utsetjing av fristen for fjerning av den 3. vogna inntil saka er avgjort.

Unntaket i PBL § 85, for plassering av campingvogn på bebygd bustadeigedom, tolkar vi slik at det gjeld for ei vogn eller to for dei som eig eller bur i bustaden. Dette er det maksimale som bygningssjefen kan akseptera utan særskilt søknad. Skal det vera fleire vogner må saka handsamast som søknad om dispensasjon frå kommuneplanen, som må avgjerast politisk av formannskapet/planutvalet.

### Vurdering :

Det er ein del prinsipielle spørsmål som må drøftast før kommunen kan ta endeleg avgjerd i saka. Det vert difor gjeve eit mellombels løyve, inntil endeleg vedtak kan fattast.

### Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 85 gjev bygningssjefen mellombels løyve til å ha 3 stk campingvogner ståande på eigdommen til 10.10.03, på følgjande vilkår:

Vognene skal vera til privat bruk for grunneigaren og familien, ikkje til utleige.  
 For bygningssjefen

*Knut Bjørnevoll*

Knut Bjørnevoll  
 sakshandsamar

Vågsvidet 7/7-03.

Til  
Lindås Kommune  
Teknisk Etat

Søknad om plassering av  
Campingvogner.

Viser til brevet fra bygningssjefen  
datert den 10/6-03!

Eg har fjerna 3 vogner etter avtale.  
Søker om å få ha 3 vogner plassert  
fast på eigedammen til privat bruk,  
ikke utleige. Private, personlige  
grønner (som bygningssjefen har  
kjennskap til)

Søker om utbetjing av fristen for  
fjerning av den eine vogna imtil  
denne søknad er avgjort.

Hilsen

Trond Fjellanger